

Sigrid Karin og Gunnar Dolve
Ljonesvegen 61
5620 TØRVIKBYGD

5. november 2018

NVE, Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsinnspel: Biofish AS – søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam Herad, Hordaland

Me er grunneigarar ved Eidesvatnet, og viser til søknad om konsesjon frå Biofish AS. Me gjev med dette høyringsuttale knytt til søknaden. Me kjenner elles til at andre grunneigarar ved vassdraget sender inn høyringsuttale med meir omfattande faktaomtale enn det me tek med i vårt brev.

Ut frå at anlegget har vore i drift i over 30 år, og har fått status som næringsareal i kommuneplanen, reknar me med at konsesjon vil verta gjeven. Me ser at dette har positive samfunnseffektar i form av arbeidsplassar og busetnad.

I samband med søknaden viser me vidare til det som til no har skjedd med Eidesvatnet den perioden det har vore drive smoltproduksjon i Ljonesvågen. Reguleringa har hatt negative verknader på strender, planteliv, vasskvalitet, fiskebestanden og friluftslivet i området.

Eidesvatnet har eit relativt lite nedslagsfelt, og svært lite snøsmelting ut over vår og sommar. Dette har ført til at vassbehovet til smoltanlegget har vore vanskeleg å stetta med denne vasskjelda. I mange tilfelle vatnet vorte så nedtappa at vasshøgda har vorte lågare enn utlaupet til Ljoneselva. Dette har ført til tap av biologisk mangfald, både planter og fisk, og erosjon.

Dei tidlegare erfaringane, både frå dei fyrste åra og fram til dei siste, viser at det er svært vanskeleg å tilpassa produksjonen av smolt til svingingane i tilgangen på fersk vatn. Når produksjonen er starta, med fisk i anlegget, vil ikkje uttak vatn stogga, sjølv om LRV vert passert. Ut frå dette er me skeptiske til at det skal gjevast varig konsesjon med LRV 32,25 m og HRV 33,00 m. Nedtappinga har medført erosjon på strendene på eigedomen vår. Vidare har inngjerding av areal vore vanskelegare med varierende vasshøgde. Siv og vassliljer er også vorte borte i vatnet ved eigedomen vår.

Me meiner NVE bør setja desse vilkåra i samband med konsesjon:

- 1) LRV: 32,40 m og HRV: 33,00 m
- 2) 10 års konsesjonslengd.
- 3) Maksimalt vassuttak pr døger må tilpassast eit tørkeår, som td 2018. Dette vil seia eit uttak på 0,040 m³/s eller ca 3 500 000 liter pr døger.
- 4) Minstevassføring i Ljoneselva (som omsøkt).
- 5) Krav om at magasinet er oppe att på HRV innan 1.april kvart år.
- 6) Krav om kartlegging av artsmangfaldet, både planter, fisk og dyr.

Med helsing

Sigrid Karin Dolve
Eigarar av gnr. 95, bnr. 1 i Kvam

Gunnar Dolve